Vi bruker cookies for å gi deg en bedre opplevelse. Ved å bruke denne siden godtar du vår bruk av Informasjonskapsler (https://ticketco.events/no/nb/cookies_policy).
Ok



# FØRDEKONFERANSEN 2019 - Kultur og reiseliv med berekraft som mål

ARRANGEMENTSINFORMASJON



(https://ticketco.no/admin/events/11337/questions)

*For English - see below*

**FØRDEKONFERANSEN 2019: KULTUR OG REISELIV MED BEREKRAFT SOM MÅL**

**Torsdag 4. juli 2018 kl. 09.30-15.30 | Amfi Eikaas, Scandic Sunnfjord Hotel & Spa**

*I følgje NHO Reiseliv vil det globale reiselivet auke med 60% innan 2030. Slike framtidsutsikter betyr eit stort potensial for norsk reiseliv, men inneber også eit stort ansvar. Kulturturisme, volumturisme, sakteturisme, opplevingsturisme, grøn turisme - kva slags turisme vil vi ha? Kva rolle skal kulturlivet spele i framtidas reiseliv? Er det mogleg å omstille seg frå volumturismen vi ser i Flåm, Geiranger, Bergen og Lofoten til eit grønare reiseliv? Turistane kjem for å oppleve den reine og stille naturen vår, men den siste trenden er at turisme i stadig større grad handlar om opplevingar. Kva kan det rike kulturlivet vårt gjere for at norsk reiseliv skal få ei berekraftig framtid?*

Dette er utgangspunktet for Førdekonferansen 2019, som går av stabelen torsdag 4. juli på Scandic Sunnfjord Hotell. Detaljane i konferanseprogrammet er i ferd med å komme på plass, men alt no veit vi at **reiselivsekspert og skribent Arild Molstad** vil halde opningsforedraget som har fått tittelen *Dramatiske vegval for norsk reiseliv anno 2019: Kva slags turisme kan vi leve av og leve med?*

Molstad har vore rådgjevar m.a. Unescos verdensarvkontor i Paris, Norfund i Afrika, og UD i søraust-Asia. Som ein del av National Geographic Society's Sustainable Destinations program var han initiativtakar til eit fem år langt samarbeid mellom Innovasjon Norge, Hurtigruten og National Geographic. Ei av dei siste bøkene hans har tittelen *Last Chance Destinations: How to explore the world while making it a better place to live.*

Du møter også administrerande **direktør i Fjord1, Dagfinn Neteland,** i samtale med Rolf Sanne Gundersen i Sunnfjord Utvikling. Fjord1 har spennande planar for framtida både innan turisme og det å skape eit grønare reiseliv i Norge. **Fylkesdirektør for kultur og næring i Sogn og Fjordane, Jan Heggheim**, skal snakke om satsing på turisme/reiseliv og kultur som komponentar i eit moderne reiselivsprodukt.

Fleire namn kjem, så stemmer frå forskarar, politikarar, kulturpersonar og reiselivsaktørar vil verte å høyre. Set av dagen, torsdag 4. juli, og følg med på programoppdateringar på facebook og her på heimesida vår.

Konferansen vert leia av Sigrid Moldestad.

*Førdekonferansen vert arrangert i samarbeid med Sparebanken Vest, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Førde kommune og Sunnfjord utvikling.*

PROGRAM FOR FØRDEKONFERANSEN 2019

Programmet slik det ser ut pr 20. mai. Det blir oppdatert fortløpande.

ARRANGEMENTSDATO

TORSDAG **4 JUL 2019** 09:30
Slutter torsdag **4 jul 2019** 16:30

Legg til i din kalender (/no/nb/events/68332.ics)

BESTILL BILLETTER

VISA MasterCard Bestill

TILGJENGELIGE VARER

Førdekonferansen 2019
Konferanseavgift inkluderer lunch, mottaking kl. 17:30 og konsertbillett til Opningskonserten kl. 20:00. NB! Hugs å akseptere TicketCo sine juridiske vilkår før betaling.

**1 190,00 NOK** 0

HVOR SKJER DET?

## Amfi Eikaas, Scandic Sunnfjord Hotel og Spa

Kjem du med fly til Bringeland, ta flybussen til Firda Billag busstasjon. Hotellet ligg rett ved busstasjonen.




(https://www.google.com/maps/search/?api=1&query=61.4527392%2C5.855957399999966)

OM ARRANGØREN

Førdefestivalen (https://fordefestivalen.ticketco.events/no/nb)

Kontakt arrangøren

HJELP

09.30 Registrering og kaffi

10.00 Velkomen

10.15 *Dramatiske vegval for norsk reiseliv anno 2019: Kva slags turisme kan vi leve av og leve med?*

Arild Molstad, reiselivsekspert og skribent

10.35 Kirsti Mathiesen Hjemdal, Agderforsking

10.55 Innleiar blir stadfesta

11.20 Oppsummering og dialog

11.30 Kaffipause

11.45 *Vegkart for reiseliv og regjeringa sitt syn på utviklinga og framtida for næringa*
Atle Hamar, statssekretær i klima- og miljødepartementet.

12.05 *Kvifor satsar vi på reiseliv og kva kan vere effektane av ei vellukka satsing? Korleis kan kulturtilbod vere gode «produktkomponentar» i eit moderne reiselivsprodukt? Og korleis må reiselivsnæringa tilpasse seg for å bruke kultur og få fram «vestlendingen»?*
Jan Heggheim, fylkesdirektør for kultur og næring i Sogn og Fjordane.

12.25 Kristian B. Jørgensen – Administrerande direktør Fjord Norge AS

12.45 *Kvifor kultur er viktig for Norge som reisemål. Om bruk av kulturtilbod blant turistane som besøker oss, og korleis Norge blir oppfatta utanfrå.*

Margrethe Helgebostad, ansvarleg for reiselivsanalyse i Innovasjon Norge.

13.05 Oppsummering og dialog

13.15 Lunsj

14.00 *Førdefestivalen som reisemål*
Per Idar Almås – direktør Førdefestivalen

14.40 *I samtale med Rolf Sanne Gundersen, dagleg leiar i Sunnfjord utvikling:*

Dagfinn Neteland, administrerande direktør i Fjord1 i samtale med

Sigurd Kvikne, eigar og direktør Kviknes Hotel og dagleg leiar Balejazz

15.00 Oppsummering og dialog

15.30 Slutt

**Inkludert i konferansen:**
Offisiell mottaking (kl. 18.00) i samband med opninga av festivalen og billett til opningskonserten Verda i Førde! på Førdefestivalen (kl. 20.00).

*Med atterhald om endringar.*

**09.30 – 16.30 FØRDEKONFERANSEN 2019: CAN TOURISM AND CULTURE BE A SUSTAINABLE GOAL**

Amfi Eikaas, Scandic Sunnfjord Hotel & Spa

*The Confederation of Norwegian Enterprise (NHO) expects that global tourism will increase by 60% by 2030. Such a vision would seem to offer a great potential for Norwegian tourism, but brings with it also great responsibility. Cultural tourism, bulk tourism, slow tourism, adventure tourism, green tourism – what kind do we want in the future? What role might a vibrant, Norwegian cultural arena play in tourism in the years to come? The conference will be conducted in English.*

KONFERANSE/FOREDRAG

Tweet Share 0 Like 0

SparebankenVest

(https://www.spv.no/)

Førde kommune

(https://www.forde.kommune.no/)

HJELP